



Lena Melanie Steinhoff og Eivind Eikanger Namdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2229 - 16/19641

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

13.10.2016

GBNR 23/34 - Orientering etter synfaring

Det blir vist til synfaring 12.10.16 og dei tema som der blei omtalt.

Før kommunen kan treffe vedtak i saka ber vi om at følgjande opplysningar blir sendt inn av tiltakshavar:

- Tiltakshavar sine kommentarar til nabomerknader frå gbnr 23/171.
- Nærare opplysningar om omsøkt plassering og høgdeplassering (planeringshøgde, topp mønehøgde og tilhøve til regulerte byggegrenser) ved oppføring av planlagd bustad, samt innsending av situasjonskart som viser dette.

Som nemnd under synfaring er det ved handsaming av dispensasjonssøknader viktig at saka er tilstrekkelig opplyst til at kommunen veit kva det eventuelt blir gitt dispensasjon til. Dette bør vere så presist som mogleg opplyst både i søknad og vedtak. Dette er òg viktig for tiltakshavar ved etterfølgjande byggesøknad, då denne må vere innanfor dispensasjonen som eventuelt blir gitt. Eit dispensasjonsvedtak endrer ikkje planen, men gir berre eit unntak frå denne. Dersom tiltaket seinare viser seg å innebere noko meir enn dispensasjonen opnar for, vil tiltaket vere avhengig av ny dispensasjon.

Kommunen stadfestar å ha motteke kvittering for nabovarsling av gbnr 23/529 og 23/509.

Administrasjonen set frist til fredag 4.11.2016 for innsending av tilleggsopplysningar. Saka blir lagt i ventearkiv til opplysningane er motteke.

Med helsing

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Sissel Agasøster og Øyvind H.
Oddekalv